

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 20.02.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Oppnemning av nytt medlem til revisjonsutvalet**

**ARKIVSAK:** 2019/5484  
**STYRESAK:** **025/19**

**STYREMØTE:** **06.03. 2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret oppnemnar ..... som ny representant til styret sitt revisjonsutval.

## Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styrets revisjonsutval. Med bakgrunn i at eit av medlemmene i revisjonsutvalet er gått ut av styret i Helse Vest RHF er det behov for å oppnemne eit nytt medlem til utvalet.

## Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonsutval. Utvalet er eit underutval av styret.

Ordninga med revisjonsutval blei med verknad frå 1. januar 2013 lovfesta, jf. helseføretakslova § 21a som har følgjande ordlyd:

*Styret i regionalt helseforetak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap og revisjon.*

*Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplan for internrevisjonen.*

Det er utarbeidd eigen instruks for revisjonsutvalet. I tillegg er ordninga omtala i «Rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak» der det heiter følgjande:

*«Revisjonskomitèen sitt arbeid er ein del av styret sitt tilsynsansvar. Revisjonskomitèen skal halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid».*

## Kommentarar

I følgje punkt 2.2 i instruksen for revisjonsutvalet skal styret velje medlemmene av revisjonsutvalet for to år om gangen. I styremøte 8. februar 2018 blei følgjande personar oppnemnt som representantar til styret i revisjonsutvalet:

- Gunnar Berge, leiar
- Olin Johanne Henden, medlem
- Lise Karin Strømme, medlem

Som følgje av gjennomført val av styremedlemmer av og blant dei tilsette har Lise Karin Strømme gått ut av styret i Helse Vest RHF, og det er derfor behov å oppnemne eit nytt medlem av revisjonsutvalet.